


Varsel om oppstart detaljregulering småbåthamn Ålfoten gnr/bnr 115/57 m.fl.

- I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vert det varsla oppstart av detaljreguleringsplan etter §12-3, utan konsekvensutgreiing, for småbåthamn i Ålfoten gnr/bnr 115/57 m.fl, i Bremanger kommune. Plan-ID 202503. Føremålet med planen er å legge til rette for båthamn med tilhøyrande infrastruktur ved butikken i Ålfoten.
- Tiltakshavar for planen er SFE Produksjon AS
- Meir info om planarbeidet finn du på Bremanger kommune sine heimesider og på nordplan.no.
- Eventuelle merknader/ innspel til planarbeidet skal vere skriftlege og rettast til Nordplan as, Lotevegen 21, 6770 Nordfjordeid, eller til sg@nordplan.no.
- **Frist for innspel: fredag 15.12.2025.**



nordplan.

tlf.57885500 www.nordplan.no



Tegnforklaring

Reguleringsplan PBL 2008

Linjesymbol

Plangrense

Kartopplysninger

Kilde for basiskart:


Dato for basiskart:

Koordinatsystem: UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84

Høydegrunnlag: NN2000

Ekvidistanse 1 m

Kartmålestokk: 1:1000 m



SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA


FRAMLEGG OG REVISJONAR		REV- NR.	DATO	SIGN.
Plangrense			21.10.25	
SAKSBEHANDLING		SAKS- NR.	DATO	SIGN.
1. gongs behandling				
Offentleg ettersyn fråtil				
2. gongs behandling				
Offentleg ettersyn fråtil				
KOMMUNESTYRETS VEDTAK				
Plantype		Plan-ID		
Planområde		202503		
Kommune - planområde				
Bremanger Kommune				
Småbåth. Ålfoten gnr/bnr 115/57				
Oppdragsgjevar				
SFE Produksjon AS				
Prosjektnr.:	Teikningsnr.:	Utarbeidd:	Rev.:	Målestokk:
250177	01	05.11.25	0	1:1000
		NORDPLAN AS		Tlf.: 57 88 55 00
				Epost: post@nordplan.no
				Web: www.nordplan.no



Reguleringsplan for småbåthamn Ålfoten gnr/bnr 115/57 m.fl

planinitiativ

Oppdragsgjevar	SFE
Kommune	Bremanger
Gards- og bruksnr.	115/57 m.fl.
Prosjektnr.	250177
Dato	10.11.2025
Revisjonsnr.	1
PlanID	202503



Dokumentinformasjon

Oppdrag	Reguleringsplan for småbåthamn Ålfoten gnr/bnr 115/57 m.fl	
Oppdragsgjevar	SFE	
Kontaktperson oppdragsgjevar	Arild Bruland	
Oppdragsleiar Nordplan	Siri Gausemel	
Fagleg ansvarleg	Siri Gausemel	
Rapport utført av	Heidi Hansen	
Sidemannskontroll	Siri Gausemel	
PLANID	202503	
Plannamn	Småbåthamn Ålfoten	
Adresse	Ålfotvegen	
Kommune, gards- og bruksnr.	Bremanger/115/57 m.fl.	
Plannivå	Detaljregulering	
Dokumentnamn	NP250177-plan-planin. småbåthamn Ålfoten_rev.0_KS_IO	
Mal-ID	49-10-01 Planinitiativ	04.09.2024

Revisjonsoversikt

Rev. Nr.	Dato	Skildring	EK	SK
0	16.06.25	Planinitiativ	HH	SG
1	10.11.25	Justert i samsvar med oppstartsmøte 17.10.25., revidert plangrense, nokre fleire tema for ROS vurdering, litt meir utfyllande detaljar om sjølve marina-tiltaket. Det er stadfest at VAO-plan vert utarbeidd. Formatering for å tilpasse dokumentet til krav for universell utforming.	SG	IO

Innhold

Dokumentinformasjon	2
1 Oppdraget	4
1.1 Bakgrunn og føremål med planarbeidet	4
1.2 Forslagsstillar og plankonsulent	4
2 Planområde og avgrensing	4
2.1 Dagens situasjon	8
2.2 Forhold til gjeldande planverk	9
2.3 Planlagde tiltak og verknadar av planforslaget	10
3 Samfunnstryggleik	11
4 Varsling av tiltaket og medverknad	13
5 Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiingar	14
6 Referansar	17

1 Oppdraget

1.1 Bakgrunn og føremål med planarbeidet

På vegne av SFE sender Nordplan planinitiativ og førespurnad om oppstartsmøte etter plan- og bygningslova § 12-8. Planinitiativet omtalar premissane for det vidare planarbeidet, og er grunnlag for gjennomføring av oppstartsmøte.

Føremålet med planarbeidet er å gjennomføre ei detaljregulering som legg til rette for småbåthamn/flytebrygge i Ålfoten, ved nærbutikken. Landfestet er planlagt på g/bnr. 115/57.

Planområdet er omfatta av godkjent kommuneplan datert 15.10.24. Kommuneplanen har krav om reguleringsplan.

1.2 Forslagsstillar og plankonsulent

Forslagsstillar:

SFE Produksjon AS v/ Arild Bruland, Sørstrandvegen 227, 6823 Sandane.

E-post: arild.bruland@sfe.no

Tlf. 57 88 47 00 / 57 88 48 00

Plankonsulent:

Nordplan AS avd. Nordfjord v/Siri Gausemel

E-post: sg@nordplan.no

Tlf. 94 142 96


Viktig samarbeidspart:

Ålfoten Grendalag v/ Bjarte Myklebust

2 Planområde og avgrensing

Planområdet ligg i Bremanger kommune ved Ålfoten ca. 27 km frå Svelgen.

Adresse	Ålfotevegen
Areal	20 daa
Gards- og bruksnummer	115/57



Oversiktskart, Sentrum av Ålfoten er markert med orange oval. (Fylkesatlas 2025).




Utklipp fra kommuneplanen sin arealdel

Planavgrensning er foreslått med utgangspunkt i kommuneplanen si avgrensning. Utklipp fra kommuneplanen sin arealdel over. Langs Ålfotvegen og mot aust er plangrensa hovudsakleg lagt i eigedomsgrenser. Gjennom dialog med dei interessentane som vert mest berørt ser ein også at det er sterke argument for

å legge forankringspunktet for marinaen inn mot land vest om eksisterande bygningsmasse, på gnr/bnr. 115/57. Plassering lenger aust vil medføre trangare tilkomst (langs fasaden på kafeen) og ikkje minst meir invaderande nærføring til bustad og hage på gnr/bnr 115/72. Dette er ein del av bakgrunnen for vald plassering og dermed plangrense.


Plangrensa er lagt 20m frå utløpet av bekken som kjem ned ved gnr/bnr 115/27.

Fyrste utkast til planområde såg slik ut:




Fyrste utkast til plangrense i planinitiativ til oppstartsmøtet, arealet på 10,5 daa tilsvare det som ligg inne i kommuneplanen sin arealdel, utviding på 6,4 daa vart avgrensa med sikte på å holde alle forankringar innafor plangrensa ned til -25m.

Etter oppstartsmøtet har kommune signalisert at dei ynskjer ei vurdering på om alle forankringspunkt bør vere innafor plangrensa. Marina Solutions har gjort nærare berekningar på djupner og forankring. Basert på faglege vurderingar med tanke på etablering, forankring og belastning for ein marina her, så er det lagt til eit areal på ytterlegare 2,3 daa i vestleg og sørleg retning. Sjå utklipp på neste side. På denne måten vil ein kunne etablere alle unnateke 2 forankringspunkt innafor planområdet. Dei to siste forankringspunkta ligg svært djupt (-61m og -66m).



Utklipp av skisse frå Marina Solutions, som Nordplan har lagt inn i sitt grunnkart. Blå farge markerer utviding etter oppstartsmøte. Grøn linje markerer Marina Solutions sitt utkast til plangrense. Dei to ytre forankringspunktta ligg på -61 og -66m.



Annonsert plangrense, Ålfoten, butikken ligg på gbnr 115/40.

2.1 Dagens situasjon

Ålfoten er prega av spreidd busetnad og dyrka mark. Planområdet ligg ved nærbutikken, og sjøarealet utgjer ca. 12 daa. I tilknytning til butikken er det etablert parkeringsareal og ein liten separat kafé. Sanitæranlegg i dette bygget er også tenkt å betene småbåthamna. I plangrensa i sør/vest ligg det naust, med opptrekksplass og i nordre/austre del er det eit par bustadhus, og parkerings- og manøvreringsareal knytt til etablert kai. Kaiområdet like aust

for butikken er i dag svært lite brukt som kai. Tilkomst til området er via kommunal veg, Ålfotevegen. Fartsgrense er 50 km/t.

Det er etablert vatn-, avlaup og straum. Kapasitet må avklarast nærare.



Ålfoten, dagens situasjon. Raude linjer markerer eigedomsgrenser, gul linje annonsert planområde.

2.2 Forhold til gjeldande planverk

Føreslått planområde er omfatta av følgjande planar:

Arealdelen til kommuneplanen for Bremanger 2024-2036 (KPA), planid. 4648.201804.

Det er gjort KU-vurderingar i samband med kommuneplanarbeidet. KU-en konkluderer slik:

I følgje kart og flyfoto som ligg tilgjengeleg er det ikkje etablert felles småbåthamn eller offentleg sjøtilkomst i Ålfoten. Dette er likevel eit område der båtbruk er ein naturleg del av dagleglivet. Ved å etablere denne typen tilbod lokalt kan ein gjere området meir attraktivt både som buområde og som fritidsdestinasjon. Dette vert vurdert som eit positivt tiltak, noko som til ei viss grad veg opp for ev. visuell ulempe ved tiltaket. Det er også positivt at aktivitet vert samla omkring butikken, som allereie er eit naturleg samlingspunkt i grenda.

I føresegnene til kommuneplanen er det sett krav om reguleringsplan. Det er vidare sagt at det kan etablerast inntil ti plassar, og bygging av skjermingsmolo er tillate. Det er ingen særskilde krav til parkeringsdekning.

Statlege/regionale føringar

- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, av 28.05.21.
- Statlige planretningslinjer for klima og energi, av 20.12.24
- Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, av 24.01.25
- Føresegner til KPA pkt. 1.3.1 og 1.4-1.14

2.3 Planlagde tiltak og verknader av planforslaget

Tiltakshavar ønskjer å legge til rette for småbåtanlegg med inntil ca. 35 plassar. Det er aktuelt å legge ut flytebrygger, og molo for bølgejevern.

I kommuneplanen sin arealdel er det sett ei avgrensing på 10 båtplassar i området. Bakgrunnen for at ein ynskjer å få til fleire plassar enn dette er m.a. at det er eit kjent behov for fleire båtplassar i Ålfoten.

Kommuneplanen opnar i tillegg for å regulere og utvikle med småbåthamn også ved Sigdestadneset. Dette har det vore arbeid med i 2023/24/25. Det har vist seg at etablering av småbåthamn ved Sigdestadneset er svært utfordrande å få til utan uforholdsmessig store konsekvensar for m.a. landskap og landbruk. Etter god og langvarig dialog med grendalaget i Ålfoten og Bremanger kommune er det også ei felles oppfatning at ein vil oppnå vesentleg fleire fordelar ved å lokalisere aktivitet knytt til båtlivet meir sentralt i bygda. Denne innstillinga står også i lys av sterke offentlege føringar om å bruke effektivt dei areala som allereie er utbygde og som er tilknytt etablert infrastruktur.

Det *kan* vere aktuelt med noko utfylling i sjøen for å få etablert eit godt landfeste og eventuelt for å få meir areal til parkering. Djupneforholda vil truleg avgrense utfyllingsmoglegheitene mykje.

Utgangspunktet er at alle faste plassar skal vere i privat eige, og primært for bebuarar i området. Det vil vere høve til å legge til på utsida av moloen for gjester. Med utgangspunkt i at båtplassane er tiltenkt bebuarar i området er det lagt til grunn eit parkeringsbehov på 0,2 plassar pr. båtplass, dvs. inntil 7 plassar ved full utbygging av småbåtanlegget. Det er i utgangspunktet aktuelt å legge til rette for parkering både ved butikken, og ved kaiområdet i nord.

Hovudtilkomst er føresett via dagens avkøyring til nærbutikken. I planarbeidet må det gjerast ei vurdering av behovet for tiltak for å styre dei ulike trafikkantane til tydelege soner (tilkomstveg, parkering, gangareal).

Planforslaget skal også vurdere nærare konsekvensane for båtopptrekksplass for naust i sør, og manøvrerings-/parkeringsforhold ved kaiområdet i nord.

Infrastruktur/VA: Det vil vere behov for vaskevatn til hamna, ikkje nødvendigvis drikkevasskvalitet. Må undersøke kapasitet. Sanitær er etablert i eksisterande bygg, legg ikkje opp til endring.

Status energi: Grendalaget har vore i kontakt med Linja, skal vere kapasitet for straum og låge lyspunkt/pullertar på flyteelementa, kunde/grendalag arbeider vidare med kapasitetsvurdering for lading av båtar. Konklusjon må omtalast i ferdig plan. Også omtale lysforurensing. Ikkje lagt opp til drivstofflevering (vil ev. medføre andre krav).

Andre forhold som må vurderast nærare:

- Ev. verknader tiltaket vil få på landskap og omgjevnader (terrengforming, fyllingar, visuelle forhold.) Inkludere illustrasjonar som viser inngrepet si utstrekning/utforming og storleik på areal.
- Status og konsekvens for lokalt viktig gyteområde for torsk
- Registrert låssettingsplass for brisling (registrert 2011). Av registrering i fylkesatlas går det fram : «Plassen kan diskuteres v/evt.utbygging. Ikke god nok kunnskap om plassen».
- Registrert aktiv fiskeplass for ringnot, uklar status pr. dato.

3 Samfunnstryggleik

Planinitiativet skal gjere greie for korleis samfunnstryggleik skal ivaretakast i planarbeidet, blant anna gjennom å forebygge risiko og sårbarheit. Under fylgjer analyseskjema, som brukt ved ROS-analyse. Analyseskjemaet er brukt for å identifisere moglege uønska hendingar, samt eliminere problemstillingar som ikkje er aktuelle for nærare gjennomgang. Førebels vurdering vil vere utgangspunkt for diskusjon i oppstartsmøtet.

SJEKKLISTE – moglege uønska hendingar				
UØNSKA HENDING		J/N	KOMMENTAR/TILTAK	KJELDER
STORE ULYKKER	Eksplasjon, utslepp av farlege stoff, akutt ureining	N	Det er ikkje kjent slik fare i eller omkring planområdet i dag, og planen legg heller ikkje opp til tiltak som vil auke denne faren.	Nordplan as
	Brann i bygning/ anlegg	N	Tiltaket som det ønskast å opne for vil i liten grad auke faren for brann i planområdet. Brannvesenet blir varsla ved oppstart av planarbeidet.	Nordplan as
	Større ulykker (veg, bane, sjø, luft)	N	I fylgje vegkart er trafikkmengda på FV 614 gjennom Ålfoten berekna til 300 ÅDT. Den kommunale vegen som går vidare inn mot planområdet har ikkje berekna ÅDT, men er truleg vesentleg lågare. Det er 50 sone .	Nordplan as
	Storulykkeobjekt	N	Det er ikkje kjent storulykkeobjekt i eller tilgrensande planområdet.	Nordplan as
	Kollaps av bygning/ konstruksjon	N	Det er ikkje kjent fare for kollaps av bygning eller konstruksjon.	Nordplan as
	Akutt ureining	J	Ei småbåthamn kan ha akutte utslepp frå til dømes båtpuss, olje- eller drivstoffspill eller tilsvarande. Ei hamn med inntil 35 båtplassar vil ha	Nordplan as Fylkesatlas.no «Forureining»

SJEKKLISTE – moglege uønska hendingar				
UØNSKA HENDING		J/N	KOMMENTAR/TILTAK	KJELDER
			relativt lav risiko for akutt ureining, men temaet er likevel aktuelt å vurdere vidare i ROS-analysen.	
NATURFARE	Flaum og stormflo, havnivåstigning	J	Med utgangspunkt i 200-årsflo er havnivå estimert til 244 cm over middelvatn (NN2000). Signifikant bølgehøgde er estimert til 0,6m. Samla verdi 304 cm. Havnivåstigning inkl. bølgepåverknad vil dermed medføre at byggetiltak må ta omsyn til sjøgang opp til kote +3.	Bremanger kommune.
	Jord- og flaumskred, fjellskred med konsekvens tsunami eller oppdemming	N	I deler av det aktuelle området er det registrert aktsomheitssone for jord og flaumskred. Denne er avklara gjennom «Skredfarekartlegging i Bremanger kommune» 2017.» og krev ikkje nærare utgreiing.	Bremanger kommune
	Snøskred	N	Ifølgje aktsomheitskart frå NVE er ikkje planområdet omfatta av aktsomheitssone for snøskred.	NVE/Fylkesatlas
	Steinsprang/steinskred	N	Ifølgje aktsomheitskart frå NVE er ikkje planområdet omfatta av aktsomheitssone for steinsprang.	NVE/Fylkesatlas
	Kvikkleire	J	Området ligg under Marin grense og kan dermed potensielt ligg på lommer av kvikkleire. Ønska føremål medfører lite konflikt i forhold til dette. Det må vurderast nærare ved ev. vidare utbygging på land om dette er ei relevant problemstilling. I følgje kart frå NVE ligg planområdet innanfor potensielt fareområde for kvikkleire. Dette må avklarast nærare i planarbeidet.	Bremanger kommune NVE-atlas
	Erosjon (langs vassdrag og kyst)	N	Blir avklart i samband med kvikkleirevurderinga, viss aktuelt med utfylling.	Nordplan as.
	Overvatn	N	Planområdet består i dag i hovudsak av sjøareal. Asfalterte flater har avrenning til sjø. I føresegnene til KPA pkt 1.9 er det stilt krav om VAO plan i alle reguleringsplaner- enkel, tilpassa VAO plan vert utarbeidd.	Nordplan as
	Skog- og lyngbrann	N	Ikkje relevant.	Nordplan as
	Ekstremvind/vindgenererte bølger	J	Ifylgje Klimaprofil for Sogn og Fjordane (2022) er det knytt stor usikkerheit til framskrivingane for vind, men truleg lita endring. Det er ikkje kjent at planområdet er særleg vindutsett, men ved ekstremvær vil det potensielt kunne oppstå materielle skadar på bygningar og anna. Gjennom ROS analysen vil ein dokumentere vurderingar som er gjort i samband med tidleg prosjektering av tiltak i sjø.	Norsk klimaservicesenter, klimaprofil Sogn og Fjordane

SJEKKLISTE – moglege uønska hendingar				
UØNSKA HENDING		J/N	KOMMENTAR/TILTAK	KJELDER
KRITISKE SAMFUNNSFUNKSJONAR OG INFRASTRUKTUR	Veg, bane, luftfart, skipsfart	N	Planforslaget medfører ikkje særleg trafikkauke og fare som kan medføre stenging av tilkomstveg over tid.	Nordplan as
	Vassforsyning-bortfall, skade, ureining	N	Ikkje offentlege ledningar i sjø gjennom planområdet. Arealbruken ein ynskjer å opne for vil ikkje medføre auka risiko for skade på etablerte vassforsyningssystem.	Nordplan as
	Avlaupssystem-bortfall, skade, ureining	N	Arealbruken ein ynskjer å opne for vil ikkje medføre auka risiko for skade på etablert avlaupssystem. Tiltaket vil i liten grad bli påverka av ev. bortfall. Ikkje offentlege ledningar i sjø gjennom planområdet.	Nordplan as
	Energi, gass og IKT-bortfall, skade	N	Det skal hentast inn data frå lokalt nettselskap.	Nordplan as
	Overvassanlegg-bortfall, skade	N	Aktuelle løysingar for overvatn skal vurderast i det vidare planarbeidet, gjennom utarbeiding av VAO rammeplan.	Nordplan as
	Framkome for utrykkingskøretøy/sløkkebil	N	Næraste brannstasjon ligg i Davik ca 15 km unna og i Svelgen, ca. 27km frå planområdet. Utrykningstid er om lag 20 og 30 min. Brannberedskapshengar m/pumpe er plassert i Ålfoten, under 1km unna. Planområdet har i dag etablert tilkomst via den kommunale vegen Ålfotevegen.	Nordplan as
	Tilgang på sløkkevatn	N	Brannberedskapshengar m/pumpe er plassert i Ålfoten, under 1km unna. Fylgjast opp i vidare planarbeid/VAO rammeplan.	Nordplan as
	Trafikkulykke	J	Med etablering av småbåthamn, vil det bli noko auke i transport til området, og auka trafikk manøvrering på arealet. Auka risiko ved auka trafikk vert vurdert gjennom ROS metodikken for å sikre at situasjonen ikkje blir mindre trygg enn i dag. Trafikktryggleik i samband med tilkomst og i parkeringssoner vert vurdert som del av planarbeidet.	Nordplan as

4 Varsling av tiltaket og medverknad

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8, vert oppstart av planarbeidet varsla ved annonse i lokalavisa, samt på heimesidene til Nordplan og Bremanger kommune. Naboar og andre offentlege og private interessentar vil bli varsla direkte ved brev/e-post. Det vert ikkje lagt opp til medverknadsprosessar ut over det som er knytt til ordinær varsling i saka.

Førebels høringsliste for offentlege og private høringsinstansar leggst til grunn, og vert supplert etter oppstartsmøtet med kommunen:

Offentlege høringspartar

Namn	E-post
Fylkeskommunen - Vestland	post@vlfk.no
Statsforvaltaren - Vestland	sfvlpost@statsforvalteren.no
NVE	nve@nve.no
Linja AS /BKK	post@linja.no / kundepost@bkk.no
Nordfjord / Sunnfjord miljøverk IKS	post@nomil.no / post@sum.sf.no
Fiskeridirektoratet	postmottak@fiskeridir.no
Sogn og Fjordane fiskarlag (v/Norges Fiskarlag)	fiskarlaget@fiskarlaget.no
Sogn og Fjordane småfiskarlag	Ottar Nygård Pernesvegen 23 6717 Flatraket
Kystverket	post@kystverket.no
Firda billag	post@firda-billag.no
Ålfoten nærbutikk	V/Ålfoten utvikling AS / Bjarte Myklebust bjartemyklebust@hotmail.com
Bremanger kommune v/avdeling - Brann og redning - Teknisk drift	

Private høringspartar

Namn	Eigedom
Ingebjørg L. Myklebust	115/2, 7
Hilde Myklebust	115/3
Ole Jonny Myklebust Elde	115/9, 27
Lisa Førde Refsnes	115/20
Ålfoten utvikling As	115/40
Sissel Irene Myklebust	115/43
Bremanger kommune	115/57
Anne Elin Bjerke	115/64
Jan Hütter og Martina Hanna Rudat	115/72

5 Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreingar

Planar og tiltak som alltid skal bli konsekvensutgreia og ha planprogram eller melding, jf. KU-forskrifta § 6	Ja	Nei
---	----	-----

Fell inn under kriterium i § 6 1. ledd bokstav a) Grunngjeving: tiltaket er i samsvar med kommuneplanen sin arealdel.		X
Fell inn under kriterium i § 6 1. ledd bokstav b) Grunngjeving: Tiltaket fell ikkje inn under opplista tiltak i vedlegg I.		X
Planar og tiltak som skal bli konsekvensutgreia om dei kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn, jf. KU-forskrifta § 8.	Ja	Nei
Fell inn under kriterium i § 8 1. ledd bokstav a) Grunngjeving: Planen blir ikkje omfatta av vedlegg II		X
Unntak: reguleringsplanar der det konkrete tiltaket er konsekvensutgreia i ein tidlegare plan og der reguleringsplanen er i samsvar med den tidlegare planen, jf. § 8 1. ledd bokstav a), andre setning.		X
Opplysningar som skal leggjast fram av forslagsstillar som grunnlag for ansvarleg mynde si vurdering etter § 11 eller § 12, jf. KU-forskrifta § 9.		
a) Planen eller tiltaket, tiltaket sine fysiske eigenskapar og lokalisering og eventuelle rivingsarbeid. b) Miljøverdiar som ein antar blir vesentleg råka og som krev særskilde omsyn. c) Planen eller tiltaket sine forventa vesentlege verknadar som følgje av reststoff, utslepp og produksjon av avfall. d) Forventa vesentlege verknadar som kan følgje bruken av naturressursar.		
Forslagsstillars foreløpige vurdering av om planen eller tiltaket kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn etter KU-forskrifta § 10.		
Eigenskapar ved planen eller tiltaket etter § 10 andre ledd:		
a) Storleik, planområde og utforming: 20 daa, det meste i sjø kan bli mindre når utforming er avklara. b) Bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar: Flytebrygger i sjø. c) Avfallsproduksjon og utslepp: Ingen utslepp, ev. avklare behov for avfallsmottak d) Risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofar: Låg, jf. Foreløpige ROS-vurderingar.		
Lokalisering og påverknad på omgjevnadane etter § 10 tredje ledd:	Ja	Nei
a) Verneområde, utvalde naturtypar, prioriterte artar, verna vassdrag, nasjonale laksefjordar og laksevassdrag, objekt, område og kulturmiljø freda etter kulturminnelova.		X

Gyteområde torsk, ynskjer nærare informasjon om dette frå lokale fiskarlag.		
b) Truga artar eller naturtypar, verdifulle landskap, verdifulle kulturminne og kulturmiljø, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar, område med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og område som er særleg viktige for friluftsliv. Makrellterne 2021, sterkt truga – må vere eit utgreiingstema i planomtalen. Skal også undersøke i felt om det er Ålegras på grunnene.		x
c) Statlege planretningslinjer, statlege, regionale eller rikspolitiske føreseigner eller rikspolitiske retningslinjer.	x	
d) Større omdisponering av område avsett til LNFR-føremål eller område regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemd.		x
e) Auka belastning i område der fastsette miljøkvalitetsstandardar er overskride.		x
f) Konsekvensar for befolkninga si helse, for eksempel som følgje av vass- eller luftureining.		x
g) Vesentleg ureining eller klimagassutslepp		x
h) Risiko for alvorlege ulykker som er ei følgje av naturfarar som ras, skred eller flaum		x

Vurderinga er gjort på grunnlag av tilgjengeleg informasjon og kunnskap i offentlege databasar. På bakgrunn av dette har ein vurdert at tiltaka ikkje vil få vesentlege verknader for miljø og/eller samfunn og dermed ikkje utløyser kravet om konsekvensutgreiing.

I etterkant av oppstartsmøtet har kommunen bede om ytterlegare tre vurderingar:

1: Skal det vere port/lås på landgangen?

Nordplan sitt utgangspunkt er at dette er **aktivitet**, ikkje arealbruk og dermed ei privatrettsleg avklaring (j.f. forarbeid til pbl §12-7)) Problemstillinga vert vurdert som del av planarbeidet.

2: Vurdere å utvide planområdet til ut om fortøying.

I samråd med Marina Solutions har ein som det går fram av revidert plangrense utvida området for å fange opp dei aller fleste fortøyingane. To vil kome utanom, dette går tydeleg fram av planinitiativet og dersom det kjem innspel frå interessegrupper i sjø om at det er grunn til å få med desse i plandokumenta kan området utvidast.

3: Vurdere sjøfylling for mindre utviding av p-plass.

Vi kan tek høgde for dette ved varslng og vurdere nærare når vi kjem i gang med detaljeringa av arbeidet (kan godt vere at stabilitetsvurdering fører til at dette er heilt uaktuelt.). Ein annan måte å «løyse» manglande parkeringsdekning på kan vere å redusere talet på båtplassar.

6 Referansar

- [1] Direktoratet for byggkvalitet, «Byggteknisk forskrift (TEK17) med veiledning,» 2017.
- [2] Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), «NVE Kart,» [Internett]. Available: <https://www.nve.no/kart/>. [Henta 26 06 2024]

Vedlegg 11.11.25

Lagt ut på kommune si heimeside, Nordplan si heimeside og oversendt offentlege høyringspartar:

1. NP250177_plan_oppstartsv.småbåth.Ålfoten, 10.11.25
2. **NP250177_plan_annonse_** småbåth.Ålfoten, 10.11.25
3. NP250177_r_tegn_plangrense (SOSIfil), 10.11.25
4. NP250177_plangrense PDF, 05.11.25
5. Planid. 202503 Referat frå planoppstartsmøte, 17.10.25



Nordplan AS
Siri Gausemel

Vår ref:
25/11569 - GBNR 115/57 - MM

Dykkar ref.

Dato:
20.10.2025

Planid. 202503 Referat frå planoppstartsmøte

GENERELLE OPPLYSNINGAR	
Planidentifikasjon/ Arkivsaknr.	4648.202503 25/2541
Sakstittel	Planid. 202503 Småbåthamn Ålfoten
Møtedato og -stad	Fredag 17.oktober 2025 kl. 10.00-11.30, Teams-møte.
Møtedeltakarar/ rolle	Frå forslagsstillar Siri Gausemel, Nordplan AS (plankonsulent) Arild Bruland, SFE Bjarte Myklebust, Ålfoten grendeutval/Liv og Lyst Frå Bremanger kommune Inger Hilde Håkon Welle Glomset Magnhild Myklebust
Område, gbnr.	Sjøareal og parkeringsplass rundt Ålfoten nærbutikk, gbnr. 115/57
Plantype, plannamn	Detaljregulering Småbåthamn Ålfoten, gbnr. 115/57
Føremålet med planen	Legge til rette for etablering av småbåthamn med inntil 35 båtplassar
Framlagt materiell	Planinitiativ datert 04.09.2025
Planlagde tiltak	Etablering av flytebyggje for inntil 35 båtplassar
Verknader av reguleringsplanen utanfor planområdet	Småbåthamna er planlagt etablert med flytande installasjonar, forankra i fyllinga på gbnr. 115/57. Forankringar for flytebyggja kan gå ut om planområdet.
PLANFØRESETNADER	
Gjeldande plangrunnlag for området	
Kommuneplan	Arealdelen til kommuneplanen for Bremanger 2024-2036 (KPA), planid. 4648.201804.
Reguleringsplan	Området er ikkje regulert.
Forholdet til arealplan og planar i området	Planane er delvis i samsvar med overordna plan (KPA). Området har føremål BAB170 «Anna byggjeområde», VS25 «Småbåthamn» i KPA. I tillegg omfattar planområdet kommunal veg (samferdselslinje), BAB174 «Anna byggjeområde» (naust), og

Adresse
Rådhuset, Postboks 104,
6721 Svelgen


Telefon:
57 79 63 00

Org.nr.
959 318 166
Bankkontonr.
3776 07 50035

E-post postmottak:
post@bremanger.kommune.no
E-post sakshandsamar:
magnhild.myklebust@bremanger.kommune.no

Internett
www.bremanger.kommune.no

	føremålet «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone», V. For område VS25 er det plankrav: Utdrag av føresegnene til KPA: Pkt. 6.6: VS25 Småbåthamn Ålfoten. Inntil ti plassar, og byggjing av skjermingsmolo er tillate. Krav om detaljregulering. Pkt. 2.10.3: BAB170 Ålfoten. Opning for byggjing av servicebygg/lager i samband med båthamn. Byggjegrænse mot sjø 2 m. BAB104, Ålfoten, fortetting med 1 naust for gbnr. 115/5 (parsell med matrikkelnr. 0/0). Byggjegrænse mot sjø 2 m. Pkt. 6.1 (V) Bruk og vern av sjø med tilhøyrande strandsone. Føremålet gjeld fleirbruksområde i sjø for natur, friluftsliv, ferdsel, farlei og fiske. Fortøyingar for akvakultur kan tillatast i vass-søyla dersom desse ligger djupare enn kote minus 25 meter, og ikkje går inn i underføremål natur, fiske eller ferdsel. Dette gjeld fortøyingar frå akvakulturanlegg i nabokommunane òg. Vedlikehald, fjerning og nyetablering av navigasjons-installasjonar er tillate innanfor planområdet.
Pågåande planarbeid	Ingen pågåande planarbeid i nærområde.
Andre relevante føringar (statlege, regionale og kommunale)	• Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, av 28.05.21. • Statlige planretningslinjer for klima og energi, av 20.12.24 • Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, av 24.01.25 • Føresegner til KPA pkt. 1.3.1 og 1.4-1.14
Krav om konsekvensutgreiing / planprogram	Plankonsulent har vurdert at planarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing eller planprogram jf. plan- og bygningslova §§4-1 og 4-2 og konsekvensutgreiingssforskrifta §§ 6 og 8. Kommunen er samd i vurderinga.
Planfaglege vurderingar	Omfanget av tiltaket og planområdet er større enn det som er opna for i KPA, der det er sett ei avgrensing på 10 båtplassar i småbåthamnområdet. Bakgrunnen for at ein ynskjer å få til fleire plassar enn dette er det er kartlagt behov for fleire båtplassar i Ålfoten. I KPA er det opna for etablering av småbåthamn også ved Sigdestadneset. Planarbeid for småbåthamn ved Sigdestadneset vart starta i 2024, men innspela til planoppstart viser at det er store utfordringar med denne lokaliseringa, m.a. knytt til konflikhtar med landskap og landbruk, og planarbeidet er difor avbrote. Planlagt lokalisering er sentralt i bygda, ved nærbutikken, og støttar statlege føringar om å utnytte areala som allereie er utbygde og som er tilknytt etablert infrastruktur. Ut frå dette tilrår kommunen oppstart av planarbeidet, med planområde som skissert.

PLANAVGRENSING	
Kart med planavgrensing	
Gjeldande arealplan med planavgrensing	
VIKTIGE INTERESSER, UTGREIINGSBEHOV OG PREMISSAR FOR VIDARE PLANARBEID – førebels vurdering.	
Naturmangfald	Det er ikkje registrert utvalde eller viktige naturtypar i planområdet eller influensområdet. Det er registrert ein førekomst av makrellterne (kritisk trua) innanfor planområdet. Det er også registrert førekomstar av ærfugl (sårbar) og fiskemåse (sårbar) i nærleiken av planområdet, og tilhøvet til sjøfugl må utgreiast i planen. I høve marint naturmangfald bør det avklarast om det kan vere førekomst av ålegras i dei grunnare delane av planområdet. Alfotfjorden er gyteområde for torsk (lokalt viktig). Evt. førekomst av

	uønska artar (t.d. parkslirekne) må registrerast og takast omsyn til.
Kulturlandskap og -minne	Ingen kjende registreringar i planområdet. Bergen sjøfartsmuseum kan krevje kartlegging av marine kulturminne, dersom dei vurderer at området har potensiale for funn. Det kan vere nyare tids kulturminne som støer, bryggjer og vorrar i planområdet. Desse må registrerast og omtalast i planen.
Strandsone, sjø og vassdrag	Landskapsverknader og verknader for friluftsliv i strandsona må utgreiast/omtalast.
Naturressursar (landbruk, fiskeri, mineralress. etc.)	Det er ikkje landbruksinteresser som blir påverka. I høve fiskeri er det registrert låssettingsplass (brisling mfl.) og fiskeplass for aktive og passive reiskap i sjøområdet. Eventuell konflikt med bruken av desse må utgreiast. Lokalt fiskarlag vil vere høyringspart i saka.
Omsyn til omgjevnadane	Det er nærbutikk med bueining og eit bustadhus innanfor planområdet. I tilknytning til butikk er det eit mindre kafebygg og sanitærbygg. Tilkomsten til småbåthamna er tenkt frå parkeringsplass ved butikken. Denne fungerer også som sнопlass for buss/større køyretøy, og blir nytta til varelevering til butikken. Firda billag og Ålfoten nærbutikk vil vere høyringspart i saka. Det er teke omsyn til bustadhus i planområdet ved å trekkje planlagt småbåthamn lenger mot vest.
Infrastruktur / VA	Det skal vere vasstilførsel/tilgang til spyling i småbåthamna, og det skal leggjast fram straum til lading av båtar og til lys på flytebryggja. Tiltakshavar har dialog med Linja om kapasitet på straumnettet og framføring av straum. Tiltakshavar vurderer privat vassforsyning, men kan og vere interessert i kommunal vassforsyning frå Bråtane vassverk. Kommunen undersøker om dette er mulig, og melder evt tilbake om kapasitet og tilknytingspunkt for ei slik løysing.
Støy og støv/forureining	Tiltaket genererer ikkje særskilt støy- eller støvureining. Lyspunkt på flytebryggja er planlagt med låg høgde, slik at lysureininga vert avgrensa. Det er ikkje planlagt anlegg for fylling av drivstoff, men søl av olje/drivstoff kan skje i samband med fylling på båtane.
Beredskapsmessige vurderingar / ROS-analyse	ROS-sjekkliste i planinitiativet vart gjennomgått og supplert. Tema som må utgreiast: Flaum og stormflo, havnivåstigning Kvikkleire – Stabilitet i grunn og erosjonsfare vil bli utgreidd. Ekstremvind – risikoen vert ivareteken gjennom prosjektering av flytebryggje, men det må gjerast ei ROS-vurdering. Trafikkulukke – kombinasjon nærleik til kommunal veg, parkeringsplass, mjuke trafikantar (spesielt born) gjer at trafikkfare må vurderast/utgreiast særskilt, sjølv om planlagt tiltak ikkje vil generere stor trafikkauke. Eventuell ROS-vurdering av brannfare, sløkkjevattn etc. vil bli avklara etter høyring av brannvesenet ved varsel om planoppstart. I høve overflatevatn skal det utarbeidast OVA-plan for området.

Høyringspartar	I tillegg til ordinære høyringspartar vil Sogn og Fjordane fiskarlag, Sogn og Fjordane småfiskarlag, Firda billag, Ålfoten nærbutikk og Linja vere høyringspart. Kommunen sender liste.
Behov for medverknadsprosessar	Det har vore halde eige informasjonsmøte om småbåthamna, og planane har vore tema på tidlegare bygdemøte. Plansaka vil vere tema på kommande bygdemøter, m.a. i samband med SFE si utbygging i Øksenelvane, og det er utover dette ikkje behov for eigne møte knytt til plansaka. Det har vore dialog med råka naboar og grunneigarane innanfor planområdet.
GENERELT OM PLANPROSESS OG KRAV	
Krav til varsel om oppstart av planarbeid	1. Forslagsstillar skal varsle oppstart av planarbeidet i minst 1 avis som er alminneleg lest på staden (Firdaposten, Fjordenes tidende, Fjordabladet). Varsling skal innehalde vurdering av KU-plikt. 2. Kommunen legg varsel om oppstart ut på kommunen si heimeside. 3. Samstundes skal det sendast brev til offentlege instansar (sjå vedlagt høyringsliste), grunneigarar og naboar med orientering om planarbeidet, dagens og framtidig planstatus og formålet med planen. 4. Kommunen sender naboliste og oversikt over lag/organisasjonar som må varslast. Naboliste kan evt. bestillast frå Ambita, Norkart eller Proconet. 5. Høyringsfristen skal vere på minst 4 veker (lenger ved ev. ferie). 6. Referat frå oppstartsmøte skal sendast som vedlegg. Forslagsstillar skal sende digital planavgrensing i gjeldande SOSI-format, samt varslingsbrev og annonsen, til kommunen for kontroll, før melding om oppstart.
Kart og plandata	Digitale kart- og plandata kan bestillast frå kommunen sine kartløyisingar og blir formidla via e-torg/Norkart. Dei blir levert i formata SOSI, DWG eller DXF.
Krav til innlevering av plandokument	Forslagsstillar/konsulent er gjort kjent med kommunen og plan- og bygningslova sine krav til planframstilling. Plandata skal oppfylle kommunen sine tekniske krav før planforslaget blir sendt til 1. gongs handsaming. Kommunen sine krav og malar for planframstilling vil bli sendt direkte til plankonsulenten. Plandokumenta skal leverast i følgjande format: - Plankart i pdf-format og i gjeldande SOSI-versjon - Reguleringsføresegner i pdf- og word-format - Planomtale i pdf- og word-format - Ev. rapportar og utgreiingar i pdf-format Andre dokument: - Kopi av kunngjering, varslingsbrev og adresseliste - Kopi av innspel ved oppstart av planarbeidet - Ev. illustrasjonar Planavdelinga ønskjer ein god dialog om planframlegget før det vert levert inn til handsaming. Vi minner om krava til universell utforming av dokument, jf. vedlegg.

Framdrift	Planoppstart vil bli varsla så snart plankonsulent har motteke referat frå oppstartsmøtet. Planframlegg vil kunne handsamast i formannskapsmøte i januar/februar. Det er ynskje om rask framdrift i saka. Ålfoten grendeutval har ynskje om å starte arbeidet med småbåthamna sommaren 2026.
Gebyr	Kommunen sitt gebyrregulativ for private reguleringsplanar kan sjåast på heimesida til kommunen Gebyrliste . Ved innsending av planforslag, skal konsulent oppgjje fakturamottakar.
Andre merknader/ kommentarar:	Nordplan vil oppdatere planinitiativet med endringar som vart diskutert i møtet. Tiltakshavar opplyste at det vil vere private båtplassar i småbåthamna, men evt. tilgang for gjestebåtar å legge til på utsida. Dette vil også gjelde for kano/kajakk. Det vil bli etablert stigar frå flytebryggja til sjø, som tryggleikstiltak. Tilføyingar frå kommunen etter møtet: - Det bør avklarast i planarbeidet om det skal vere port/lås på landgangen til småbåthamna. Det kan vere ynskjeleg for allmenta å nytte flytebryggjene som tilkomst for kano/kajakk. - Det bør vurderast å utvide planområdet slik at fortøyingar for flytebryggjene kjem innanfor planområdet, for å unngå seinare dispensasjon. Opning for fortøyingar utanfor planføremålet i sjø i KPA gjeld berre for akvakultur. - Sidan det er tilgang på overskotsmasse i område (SFE) bør det vurderast sjøfylling for ei mindre utviding av parkeringsplassen, så lenge dette ikkje kjem i konflikt med tilflot til stø på gbnr. 115/64.

STADFESTING OG ATTERHALD

Informasjonen frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde og andre vil kunne føre til krav om endring av prosjektet. Kommunen føreset at eventuelle endringar i planen etter offentlig ettersyn, vert gjort av konsulent.

Helsing

Magnhild Myklebust
Leiar plan og forvaltning

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Naboliste varsling reguleringsplan båthamn Ålfoten.

Varslingsliste plansak off instansar og organisasjonar, båthamn Ålfoten

Kravliste_for_universell_utforming